

Nr. 02

Hausten 2023

Kontakt styret på:

sunnhordland@postpensjonistene.no

eller til leiareren si heimeadresse.

Sunnhordlendingen

Meldingsblad for Postpensjonistane i Sunnhordland

Styret

Leiar:

Tone Nygaard, Saghaugen 8 B,
5411 STORD (tlf 90016313)



Nestleiar/skrivar:

Unn Sara Spissøy (tlf 90780345)

Økonomiansvarleg:

Kari Tysnes Kjos (tlf 91566184)

Styremedlemmer:

Helen Hystad (tlf 90841963)

Mikal Saltvik (tlf 92083745)

Varamedlemmer

Berit Bergsvik (tlf 90046897)

Nils Vestbøstad (tlf 91799636)

Turnemd:

Marianne Veivåg Helseth
(tlf 91034577) - leiar

Revisorar

Bente Stien Nysæter
Annlaug Bjelland Eide
Endre Johannes Solheim (vara)

Valnemd

Svein Onarheim
Kjell Egil Hollund
Olav Håvardsholm

Nye medlemmar i 2023

✓ Sigrid Bergo Ottesen

Tone har ordet:

Her kjem ei ny utgåve av Sunnhordlendingen. Du kan lese om kjenne turar me har hatt dette året, og om julemøte me skal ha.

Kos deg med lesing!

Så håpar eg å sjå mange på julemøtet 😊

Helsing Tone

ÅRETS JULEMØTE

På Stord Hotell tysdag 28.11.2022 kl. 14.30.

Du må gjerne invitere med deg fylgje om du ynskjer det.

Meny:

Juletallerken med pinnekjøtt, svineribbe og det som tradisjonelt høyrer til, karamellpudding med krem og karamellsaus, kaffi eller te. Sei frå dersom du har allergi som hotellet må ta omsyn til. Drikke til maten syter du for sjølv.

Underhaldning:

Orientering om turar i 2024.

Også i år satsar vi på loddsal, det var populært i fjor. Laget kjøper inn gevinstar, ingen pyntegjenstandar, men kos til jul o.l.

Prisar:

Medlem kr. 200 pr person. Ikkje medlem kr. 595,00

Påmelding innan 15.november ved betaling til konto

0531 43 00299 – Postpensjonistane i Sunnhordland. Merk innbetalinga med *namn*.

Vi ser fram til julemøtet og håper å sjå mange av dykk der.

Hageruphuset:

Treffdag 4.tysdag i månaden:

- 26.september
- 24. oktober
- 28.november

Grasrotandelen



Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del. Då må de oppgje organisasjonsnummeret vårt

998 328 322

Grasrotandelen er på 7%. Vi har 5 gjevarar som har utløyst **kr. 4.775** i tilskot så langt i 2023. Vi håpar sjølvsagt på fleire gjevarar som igjen vil auka tilskotet



Turdeltakarar som på eigenhand koser seg i sola

PÅ TUR MED POSTPENSJONISTANE FRÅ SUNNHORDLAND OG HAUGESUNDSREGIONEN 18.-23.JUNI 2023



Me var 35 turdeltakarar, reiseleiar Stig Bohne og bussjåfør Torleiv Halleland. Turen i fin, ny buss frå Knapphus Buss starta på Leirvik, via Haugesund - Sørlandet-Sverige-Danmark og tilbake til Vestlandet.

Me kjørte i fint sommarver sørover E39 med lunsjpause i Vikeså. Turleiar Stig møtte oss i Mandal (han bur der) og tok oss med på ein fin rusletur gjennom *Furulunden*, langs idylliske små badestrender, tilslutt langs *Sjøsandene* og tilbake til bussen. Det var fint med ein beinstrekk etter mange timar i buss. Me for vidare sørover til *Arendal*, der me spiste middag og overnatta på *Tyholmen Hotell*.

Neste dag kjørte me langs RV410 forbi Eydehavn, stoppa i *Narestø* og rusla opp til den vakre *Flosta kyrkja*. Stig, som er godt kjent på Sørlandskysten, fortalte om plassene me kjørte gjennom/forbi.



Turen for til *Risør* og me stoppa i sentrum. Der rusla me rundt på egenhand, ved havna, såg på dei vakre rosene og spiste is/lunsj. Etterpå kjørte me strake veien til *Sandefjord* der me gjekk om bord i Fjordline si ferje som tok oss over til *Strømstad i Sverige*. På overfarten inntok me eit godt måltid på buffeten. I *Strømstad* tok me inn på *Laholmen hotell* som ligg vakkert til med flott utsikt over byen. Me hadde kvelden fri og rusla rundt. Etter frokost neste dag kjørte me over nye

Svinesund bru til *Fredriksten festning i Halden*, hadde ein fin rundtur på festningen og fekk god oversikt over Halden by. Me fekk også friska opp ein del i historie på denne strekninga. Vidare gjekk turen over *gamle Svinesund bru* og tilbake til Sverige og sørover til *Tanumshede*. Det var ein flott tur langs svenske vestkysten. Bussen stoppa ved Sotekanalene, der me såg brua som svingde tilsides når seglbåtane for gjennom. Me kom til *Smøgen* tidlig ettermiddag. Der



Dei underlege svaberga i Smøgen



Den tilsandede kirke i Skagen

Haustens jubilantar



2.okt: Thor Widar Friis (65)
 15.nov: Anna Sofie Stokvik (85)
 18.nov: Ragnhild Utne Berg (85)
 21.nov: Borgny Særsten (75)
 7.des: Grete Hauge (65)
 15.des: Ingunn Elise Veivåg
 Krogsæther (75)

Me ynskjer jubilantane våre hjarteleg til lukka.

fann me oss lunsjplasser på egenhand og nytte stemninga ved kaikanten i den koselige vesle byen.



Posten sitt svar på «Svanesjøen»

Etter at me var installert på *Smøgen Hafvsbad* var det tid for å vandra for dei som hadde lyst til det . Me gjekk på kystveien, langs blankskurte berg ut mot Skagerak, vakkert! Nokre av turdeltakarane tok eit sjøbad før middag. Me hadde ein svært triveleg ettermiddag /kveld i Smøgen og var samde om at me godt kunne hatt ein overnatting til der.

Neste formiddag kjørte me mot *Stenbergssund*. Den dagen regna det og det passa fint å sitja i bussen.

Me stoppa på *Frøken Trulls*, ein artig kafe med mange gamle ting/møbler(det meste var til salgs). Bussen kjørte vidare sørover , me hadde eit stopp ved Bohus festning, tok deretter inn på *Scandic Backadal* for middag og overnatting.

Tidlig neste morgon kjørte me til *Gøteborg* og tok Stena si ferje til Fredrikshavn, Danmark. Overfarten tok 3,5timer.

Me kjørte mot Skagen i strålande ver, stoppa underveis for å gå i sanddynene. Me stoppa også ved «Den tilsandede kirke» - mykje av kyrkja er tildekkja med sand! Me fekk ei fin stund i koselige Skagen by, der me gjekk på egenhand, spiste lunsj og nokre av damene fekk også handla, mange fine butikker i Skagen..... kunne godt hatt lengre tid der!

Me hadde eit lite stopp i *Hirtshals* og var innom Brugsen for å sjekka om det var noko freistande å kjøpa.

Så var det strake kursen om bord i Fjordline der me sjekka inn i lugarar og gjekk direkte til middagsbuffeten. Me hadde ein fin overfart med båten, stilt på sjøen, vakker solnedgang om kvelden og frokostbuffet med flott seiling gjennom Karmsundet neste morgon.


Vel framme i Bergen kjørte bussen sørover mot Sunnhordland og Haugesund.

Turleiar Stig forlet båten i Stavanger for å reise heim til Mandal. Stig Bohne har nok ein gong arrangert ein flott tur for oss! Stor takk til Stig Bohne og til sjåføren, Torleiv Halleland, som gav god service og kjørte trygt og godt heile veien.


Me hadde ein strålande tur ilag med mange kjekke,positive turdeltakarar! Kjekt å vera ilag med tidligare kollegaer, og å få nye bekjentskaper.! Takk til alle som var med!



I solveggen hos Håkon og Anna Ingborg på bjørnebøle



SKL aitt kraftanlegg Blåfalli-Vik



Utsikt frå Åkra Kyrkje

Dagstur med postpensjonistane i Sunnhordland.

1.september kl.8.40 møttes ein gjeng postpensjonister på natrutekaiaen på Leirvik klar for tur. Båten tok oss til Sunde der bussen med ein del kvinnheringar venta på kaien. Turen for innover fjorden i strålende solskinn, stoppa i Uskedalen der turarrangør Eli steig på. Me kjørte vidare til krysset ved Fjellhaug der turleiarar Kristin Skromme (med mange års arbeidserfaring frå SKL) og Reidun Vågen (pensjonert poststyrar og lbp frå Åkra) kom på. Bussen kjørte til fjellgarden Bjørnebøle der Håkon Bjørnebøle og kona Anna Ingborg tok imot oss. Håkon er 6. generasjon som held til på garden (vert no nytta som hytta/feriehus) Håkon fortalte at husa vart flytta/heisa 40 meter opp frå dalen då demninga vart bygd i 1957/58. Han og kona fortalte levande og interessant om korleis forfedrene levde på garden langt frå bygda og andre naboar. Me fekk god tid til å sjå oss om ute og inne. Det var samla mykje gamle ting inne i husa og ute var det idyllisk denne vakre haustdagen. Det vart også fortalt at farmora til tidlegare postsjef Thorleif Meidell Vaage var frå den siste søskenflokken som vaks opp på Bjørnebøle. I 2010 feira Thorleif 70 års dagen sin der saman med familien.

Me kjørte vidare mot Matre og fekk god informasjon undervegs av Kristin Skromme både om stadar me kjørte forbi og om Sunnhordland kraftlag sin historie. Bussen stoppa ved administrasjonsbygninga der det er bildeutstilling over historien til SKL. Me kjørte ned til sjøen og såg på ei fint tilrettelagt båthamn der dei har brukt ein del av massane frå tunnelen til Blåfalli-vik. Bussen vart losa inni fjellet til Blåfalli-Vik som er SKL sitt sist bygde kraftanlegg. Inne i fjellet vart me godt imottaken av driftssjef og me vart delt i to grupper og vist omkring. Me fekk sjå korleis vatnet vart leia inn på turbinen som laga strøm. Etterpå var me inne på kontoret og vart vist på skjerm og forklart heile anlegget i Kvinnherad frå Folgefonna og ned til sjøen i Matre. Det er imponerende anlegg og store dimensjonar.

Bussen kjørte vidare på smale, svingete veier til Åkra. Reidun Vågen fortalte om jobben sin som poststyrar og utfordringar som landpost bud på denne smale vegen. I tidligare tider var det gåande budrute. På Sjøbuo kafe i Åkra vart me servert god komlemiddag og praten gjekk lett.

Me fekk omvisning i Åkra kyrkje som ligg fint til oppå ei høgde. Kyrkja er oppført i tre, er bygd i 1735 og har seinare vorte påbygd. Lokalguiden Lars Erik Tjeldflåt som fortalte historien rundt kyrkja har mykje kunnskap på dette området.

Det var det på tide å setja kursen heimover. Me skilde lag med kvinnheringane på Sunde kai, og takka kvarandre for ein fin dag ilag. Stor takk til turarrangør Eli, lokalguidane Kristin og Reidun og Lars Erik, vertskapet på Bjørnebøle, personale på Blåfalli-Vik og bussjåfør Thor Arne Nygård som kjørte så stødig og roleg på svingete veier og fekk oss trygt fram! Ref Mariann

<div data-bbox="98 174 279 212">  </div> <div data-bbox="359 174 486 268"> <p>FAKTURA</p> <p>Postens Pensjonistforbund Postboks 1500 Sentrum 0801 OSLO</p> <p>Org.nr: 982 724 113 post@postpensjonistene.no www.postpensjonistene.no</p> </div> <div data-bbox="98 324 454 425"> <p>Kjære medlem i Postens Pensjonistforbund</p> <p>Her kommer betalingsopplysninger for fornyelse av ditt medlemskap. Vennligst kontroller at opplysningene stemmer. Vi håper at du blir med oss videre og sørger for betaling av kontingenten.</p> <p>Merk at det nå er NYTT KONTONUMMER for betaling av kontingenten!</p> <p>Da kan lese mer om hvordan kontingenten til Postens Pensjonistforbund er sammensatt her: https://www.postpensjonistene.no/site/assets/files/24019/2023-kontingent-1.pdf</p> </div> <div data-bbox="98 470 231 492"> <p>Medlem i Fagforbundet kr 122,00</p> </div> <div data-bbox="87 504 510 772"> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Kvittering</th> <th>Betalt</th> <th>Betalt</th> <th>Betaler kontonummer</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Innbetalings ID-konto</td> <td></td> <td>122,00</td> <td></td> </tr> <tr> <td>1506 84 41649</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Betalingsformasjon</td> <td></td> <td></td> <td>Betalings- dato 28.02.2023</td> </tr> <tr> <td>Fakturanummer: 133005487</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Fakturadato: 14.02.2023</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Betalt av</td> <td></td> <td>Betalt til</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Kari Tynes Kjos</td> <td></td> <td>Postens Pensjonistforbund</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Bakarveggen 9</td> <td></td> <td>Postboks 1500 Sentrum</td> <td></td> </tr> <tr> <td>5801 Tynes</td> <td></td> <td>0801 OSLO</td> <td></td> </tr> <tr> <td>L</td> <td></td> <td>L</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Betalt sum</td> <td></td> <td></td> <td>Kvitterings stykke</td> </tr> <tr> <td>Kontostillingsnr (KID)</td> <td>Kroner</td> <td>Øre</td> <td>IB-konto</td> </tr> <tr> <td>013366315219</td> <td>122</td> <td>00</td> <td>1506 84 41649</td> </tr> </tbody> </table> </div>	Kvittering	Betalt	Betalt	Betaler kontonummer	Innbetalings ID-konto		122,00		1506 84 41649				Betalingsformasjon			Betalings- dato 28.02.2023	Fakturanummer: 133005487				Fakturadato: 14.02.2023				Betalt av		Betalt til		Kari Tynes Kjos		Postens Pensjonistforbund		Bakarveggen 9		Postboks 1500 Sentrum		5801 Tynes		0801 OSLO		L		L		Betalt sum			Kvitterings stykke	Kontostillingsnr (KID)	Kroner	Øre	IB-konto	013366315219	122	00	1506 84 41649	<div data-bbox="614 235 1380 291"> <h2>Ny metode for innkreving av medlemsavgift</h2> </div> <div data-bbox="614 291 1428 369"> <p>Tidlegare år har styret pakka og sendt ut innbetalingskort for medlemsavgifta.</p> </div> <div data-bbox="614 392 1476 638"> <p><i>Ikkje slik i år.</i> Det vart bestemt at utsending skulle skje via e-post til dei som har e-post adresse. Dette førte til mange utfordringar. Fleire medlemmer såg ikkje/las ikkje e-posten. I nokre tilfelle gjekk den rett i søppelkassa. Vi ber difor medlemmene å vera oppmerksame i slutten av februar på e-poster som kjem frå <i>Postens Pensjonistforbund</i>.</p> </div> <div data-bbox="614 660 1476 851"> <p>Dei som ikkje betaler i tide får seinare ei melding på telefonen om uteståande medlemsavgift. Til slutt kan det hende at de får ein telefon frå økonomiansvarleg. Me veit at det å gå over til elektronisk betaling førte til mange problem og seier oss leie for det. Men slik er det bestemt og me får gjera det beste ut av det.</p> </div> <div data-bbox="614 873 1476 1075"> <p>Dersom du likevel ynskjer å få fakturaen i postkassen eller om du vil betale med <i>Vipps</i> så kan du senda ein e-post til karityneskjost@gmail.com så har eg høve til å leggja det inn i medlemsystemet. Det er veldig fint om eg kan få det i løpet av desember månad.</p> </div>		<div data-bbox="734 1153 981 1388">  </div> <div data-bbox="1117 1142 1516 1388"> <p>Returadresse:</p> <p>Postpensjonistane i Sunnhordland Saghaugen 8B 5411 STORD</p> </div>
Kvittering	Betalt	Betalt	Betaler kontonummer																																																								
Innbetalings ID-konto		122,00																																																									
1506 84 41649																																																											
Betalingsformasjon			Betalings- dato 28.02.2023																																																								
Fakturanummer: 133005487																																																											
Fakturadato: 14.02.2023																																																											
Betalt av		Betalt til																																																									
Kari Tynes Kjos		Postens Pensjonistforbund																																																									
Bakarveggen 9		Postboks 1500 Sentrum																																																									
5801 Tynes		0801 OSLO																																																									
L		L																																																									
Betalt sum			Kvitterings stykke																																																								
Kontostillingsnr (KID)	Kroner	Øre	IB-konto																																																								
013366315219	122	00	1506 84 41649																																																								